



Per Arne Traa

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/1176 - 14/3499

Saksbehandlar:

Anny Bastesen

anny.bastesen@meland.kommune.no

Dato:

10.03.2014

Vedk. problem med flaum i Holtermandsvegen

Viser til e-post sendt inn 20.01.2014. Beklager seint svar, noko som skuldast stor sakhmengde. Sjølve saka har likevel vore følgt opp.

Kommunen har tidlegare år brukt store ressursar og gjennomført fleire tiltak for å hindre flaumproblema i dette området, m.a. er det lagt ny drensleidning ut av området og avskjerande drensgrøfter er oppgradert i nærområdet. Ved dei store nedbørsmengdene i vinter oppstod det igjen ein flaumsituasjon, som drift- og vedlikehaldspersonalet tok tak i saman med brannvesenet då situasjonen vart akutt.

Drifts- og vedlikehaldsavdelinga har undersøkt drensgrøftene for å finne ut kva som kunne vere årsak til at problemet oppstod på nytt. Det vart funne ei tilstopping ved utløpet, denne er no gravd opp og det er lagt heilt nytt utløp slik at overvatnet kan bli frakta ut av området.

Vi meiner at vi har gjort det vi kan for å hindre nye flaumproblem i området, men vil følgje med på utviklinga. Ta gjerne kontakt med drifts- og vedlikehaldsavdelinga om de finn grunn til å vere uroleg.

Plan, utbygging og kommunalteknikk

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Mottakere:
Per Arne Traa